

**LUDWIG WITTGENSTEIN SITT HUS, GNR. 27 BNR. 307 OG DELAR AV GNR.
0 BNR. 1 I LUSTER KOMMUNE**

**FORSLAG OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE § 15 OG §
19, JF § 22.**



I medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 15 og §19, jf. § 22 foreslår Vestland fylkeskommune å frede Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, gnr/bnr 27/307 og delar av gnr/bnr 0/1, i Luster kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter § 15 omfattar fyljande bygning:

- Ludwig Wittgenstein sitt hus, bygningsnummer 300715698, Askeladden id: 247129-1

Fredinga omfattar bygningen sitt eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatebehandling og detaljer som vinduer, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredinga etter § 15 omfattar stien frå Eidsvatnet opp til huset avmerka på kartet nedanfor,

- Askeladden id: 247129-2

Fredinga etter § 19 omfattar området merka på kartet nedanfor.

- Askeladden id: 247129



Figur 1. Kartutsnitt som syner omfanget av den foreslegne fredinga etter kml §§ 15 og 19. Dei svarte konturane viser omfanget av områdefredinga, stien og huset er merka med svart. Kartutsnitt fra Fylkesatlas.

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Ludwig Wittgenstein sitt hus, som et bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme på Wittgenstein sin bustad og arbeidsplass, der han skreiv delar av verket *Filosofiske undersøkelser*. Verket er rekna som eit av hovudverka i det 20. hundreåret sin filosofi og huset er eit godt døme på dei stadane der han trekte seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambridge for å få ro til å skrive ned tankane sine om logikken.

Fredinga skal sikre dei kulturhistoriske og bygningshistoriske verdiane i heilskapen mellom bygningen, stien og tomta. Slik dei vart utforma av Ludwig Wittgenstein i den tida han arbeidde med verket *Tractatus Logico-Philosophicus*.

Fredinga av bygningen sitt eksteriør skal sikre bygningen sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske utsynet og detaljeringa, som fasadeløysing, opphavlege/eldre vinduer og dører, materialbruk og overflater, skal bevarast.

Formålet er videre å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessant. Videre skal fast inventar bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredinga av stien frå Eidsvatnet og opp til huset skal vise Wittgenstein sitt behov for å ha ein bustad og arbeidsplass som var lite tilgjengeleg og som fylje av dette gav han arbeidsro.

Formålet med fredinga av området rundt bygningen er å sikre verknaden av den i miljøet gjennom å oppretthalde anleggets karakter av ein vanskeleg tiljengeleg plass, plassert vekke frå andre bygningar i området.

Fredingsføresegner

Fredingsføreseggnene er utforma i samsvar med fredinga sitt formål og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

1. Det er ikkje lov å skade, rive eller flytte bygningen og stien eller deler av dei.
2. Det er ikkje lov å bygge om bygningen sitt eksteriør eller interiør.
3. Utskifting av bygningselement eller material, forandring av overflater eller anna arbeid ut over vanlig vedlikehald på bygningen sitt eksteriør, interiør eller konstruksjon, er ikkje lov.
4. Alt vedlikehald og all istandsetting av både bygningen og stien skal skje med tradisjonelle material og metodar i tråd med bygningen og stien sin eigenart, og på en måte som ikkje reduserer dei kulturhistoriske verdiane.

Områdefreding § 19:

5. Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på anna måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for bygnadar, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetting av gjerder, skilt, endring av planter eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.

Følger av fredinga

I medhald av kulturminnelova § 15a og § 19 tredje ledd kan departementet i særlege tilfelle gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføreseggnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet eller området. Dispensasjonsmynda er delegert til fylkeskommunen med Riksantikvaren som klageinstans.

Når det gjelder handsaminga av freda hus, anlegg og områder, viser vi til kulturminnelova §§ 15a - 18 og 21, samt fredingsføreseggnene nemnd ovanfor.

Fredinga medfører at det må søkast om løyve/dispensasjon til å sette i gang alle typar tiltak som går ut over vanlig vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15a og § 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan setjast i verk, evt. på kva vilkår. Oppstår det tvil om kva som vert sett på som vanlig vedlikehald, skal fylkeskommunen kontaktast. For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblad. Sjå særleg nr. 11.1.1. Juridiske forhold - Å eige et freda hus, https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/175273/Infoark_1111_nynorsk.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Det grunnleggande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogleg skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføreseggnene.

Det er eigar som har ansvar for det løpende vedlikehalde av freda bygningar og anlegg. Det er anledning til å söke fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeider. Dersom krav i medhald av kulturminnelova § 15a verkar fordyrande på arbeidet, skal det gjevast heilt eller delvis vederlag for utgiftsøkinga.

Bakgrunn for fredingssaka

Ludwig Wittgenstein sitt hus vart flytta frå opphavleg plass i 1958 og bygd om til eit nytt bustadhús. I fleire år har Luster kommune og andre interesserte arbeidd for å få huset flytta

tilbake til opphavleg stad og sett i stand slik det var då Wittgenstein brukte det. I 2014 vart det oppretta ein eigen stiftelse, Stiftinga Wittgenstein i Skjolden som har arbeidd for å få huset tilbake. Dåverande riksantikvar Jørn Holme opna i 2015 for at ein kunne nytte tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til tilbakeføringa av huset under føresetnad av at det vart freda.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, Luster kommune og dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylgt opp dette, og i 2019 var huset ført tilbake på opphavleg stad. 20. juni 2019 varsla Sogn og Fjordane fylkeskommune oppstart av fredingssak for eigedomen.

Lokalisering og eigedomsforhold. Regulerings status

Tomta er eigd av Luster kommune.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden er eigar av huset og disponerer tomta jf. avtale av 1. oktober 2016 med Luster kommune.

Luster kommune har i kommuneplanen sin arealdel 2019-2030 regulert området til LNF, og gitt området omsynssone H730-21Wittgenstein.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Ludwig Wittgenstein sitt hus ligg plassert på ei hylle ca. 50 meter over Eidsvatnet i Skjolden. Huset har ei noko utfordrande tilkomst, der ein kan nå det med båt over Eidsvatnet eller frå ein sti langs austsida av vatnet. Frå vatnet og opp til huset er det ein smal bratt sti, stien har parti oppmura med tørrmur for å kunne vere farbar. Langs nokon parti av stien er det sett opp jernstolpar med tau i mellom så ein kan halde seg i når ein går opp. Frå tunet kan ein gå vidare til ein utedo som ligg eit lite stykke nedanfor på nordsida av huset. På sørsida av huset litt opp i terrenget er det plassert ei enkel taubane til å frakte vatn og varer opp til huset frå Eidsvatnet. Både utedoen og taubana er rekonstruksjonar etter utedo og taubane som stod her tidlegare. Desse rekonstruksjonane er med på å gjere heilskapen i kulturminnet lett lesbar.

Huset Wittgenstein bygde har trekk frå både den norske og den austerriske byggeskikken. Dette gjer at det har ei utforming som skil seg noko frå hus av tilsvarende storlek i området. Grunnflata er på ca. 7x8 meter og ligg med gavlen ut mot Eidsvatnet. Huset er i 1 ½ etasje med ein liten kjellar. Grunnmuren er oppmura av gråstein, veggane er lafta og saltaket tekka med skifer. På fasaden mot vatnet er det to vindauge i første etasje, i loftsetasjen er det ein veranda som går langs heile fasaden. Døra ut til verandaen er plassert i midtaksen av fasaden og den har eit vindauge på kvar side. Inngangen til huset er på gavlsida mot tunet.

Innvendig har huset ein enkel tre-romsplan i første etasje. Der ein frå utgangsdøra kjem direkte inn i stova. Stova utgjer heile den sørlege delen av huset og tek opp omlag halve arealet i første etasje. Frå stova er det ein lem i golvet som gjev tilgang til kjellaren. På nordsida ligg kjøkkenet inn mot tunet og soverommet er plassert med utsikt over Eidsvatnet. Både kjøkken og soverom har inngangsdør frå stova. I det sørvestlege hjørnet av stova er trappa opp til loftsetasjen. Loftsetasjen består av eit stort ope rom der sperrene i taket går heilt ned til ytterveggen.

Alle rom i huset har veggar og tak i umåla treverk, delevis panelt og delevis med synleg tømmer. Golva i romma i første etasje er måla, medan golvet i loftsetasjen er umåla.

Personalhistorie knytt til kulturminnet

Ludwig Wittgenstein vert rekna som ein av dei største og mest innflytelsesrike filosofane i det 20. hundreåret. Begge hovudverka hans vart delevis til medan han opphaldt seg i Skjolden. Hausten 1913 kom Ludwig Wittgenstein til Skjolden for første gong. Han leigde då to rom hjå Hans Hess Pederson Klingenberg som han budde hjå fram til våren 1914. Føremålet med reisa til Norge var at han meinte han ville finne arbeidsro her, noko han også gjorde. Denne vinteren skreiv han mykje på det som seinare vart avhandlinga *Tractatus Logico-Philosophicus*. Avhandlinga vert rekna som hans første hovedverk.

Wittgenstein likte seg i Skjolden og bestemte seg for å bygge sitt eige hus her som kan kunne trekke seg tilbake til for å arbeide vidare med logikken. Før han bestemte seg for plasseringa ved Eidsvatnet vurderte han to andre tomter. Våren 1914 starta arbeidet med å bygge huset og det skulle vere ferdig til Wittgenstein kom tilbake til Skjolden hausten same år.

På grunn av utbrotet av første verdskrig reiste Wittgenstein tilbake til Østerrike og deltok i krigen, og ved slutten av krigen sat han i krigsfangenskap fram til 1919.

Han var ikkje tilbake i Skjolden før i 1921 og budde då i huset for første gong, sjølv om han i 1919 hadde gitt huset til venen Arne Bolstad. Dette var det første av fleire opphold Wittgenstein hadde i huset ved Eidsvatnet. Det lengste opphaldet var i perioden 1936-37. Meste parten av dette opphaldet budde han i huset og medan han var her skreiv han dei første 188 paragrafane i *Filosofiske undersøkelser* og fleire av dei mest kjende aforismane som seinare vart publiserte i *Filosofi og kultur. Spredte bemerkninger*.

Det å trekke seg tilbake til ein form for eksil var typisk for Wittgenstein når han arbeidde med å skrive ned sine tankar om logikken, og han gjør det gjentatte gonger i løpet av livet. Felles for dei plassane han trekte seg tilbake til er at dei er på god avstand frå det akademiske og sosiale miljøet han elles var ein del av. Bustadane hans var enkle og hans sosiale omgangskrets bestod i stor grad av lokalbefolkinga på staden der han budde. Huset i Skjolden skil seg frå dei andre stadane der han trekte seg tilbake ved at det var det einaste bustaden han eigde, på dei andre stadane leigde han bustad. Huset var føremålsbygd og utforma slik han meinte det gav han best mogleg arbeidsforhold.

Sjå vedlagt dokumentasjon for nærmere skildring av kulturminnet og historikk om Wittgenstein i Skjolden.

Fylkeskommunen si vurdering av kulturminnet - grunngjeving for forslag om freding

Historisk kjeldeverdi

Huset sin verdi som historisk kjelde er tett knytta til personalhistoria om Ludwig Wittgenstein, og hans arbeid med verket *Filosofiske undersøkelser*. Huset slik det framstår i dag er tilbakeført til slik det var på Wittgenstein si tid i Skjolden. Sjølv om huset har blitt flytta og hadde ei anna utforming då det stod på Bolstad så var det svært mykje av dei opphavlege materiala bevart slik at huset kunne førast tilbake til opphavleg utsjänad på tomta ved Eidsvatnet, samstundes som at den høge grada av autentisitet i huset vart tatt vare på.

Huset er bygningshistorisk interessant då utforminga av det viser ein kombinasjon av den norske og austerriske byggeskikken. Der den overbygde verandaen i loftsetasjen er det trekket som tydelegast peiker mot tradisjonelle austerriske bygningar. Vidare fortel bygningen mykje om Wittgenstein sine krav til bu og arbeidsforhold og hans asketiske levesett. Der han hadde eit sterkt fokus på funksjonalitet, og at alt det unødvendige skulle vere fjerna. Vi kan òg sjå på utforminga av huset som eit bilete på hans tidlege filosofiske skrifter som var svært reinskorne og utan unødige formuleringar slik vi finn det i *Tractatus Logico-Philosophicus*.

Plasseringa og heilskapen mellom huset og tomta fortel mykje om Wittgenstein sitt behov for å kunne trekke seg tilbake frå det filosofiske miljøet i Cambrigde når han arbeidde med å skrive ned tankane sine om logikken. Då han bestemte seg for å bygge huset var det at huset låg avsides til eit ufråvikeleg krav, slik at han fekk best mogleg arbeidsro.

Personalhistoria

Ludwig Wittgenstein vert rekna som ein av det 20. hundreåret sine store filosofar. Skjolden er tett knytta til arbeidet med begge hovudverka hans, og huset ved Eidsvatnet var der han arbeidde med det andre hovudverket sitt, *Filosofiske undersøkelser*. Huset er ei synleggjering av hans behov for bustad og arbeidsstad.

Wittgenstein målte livslukka si i kva grad han fekk til å arbeide. Hans arbeid og livshistorie er såleis tett knytt saman. Verdiane i huset til Wittgenstein er tett knytta opp til han som person og det arbeidet han gjorde medan han var i Skjolden. Norge og Skjolden var den første plassen der Wittgenstein drog til for å trekke seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambrigde. Huset fortel mykje om hans behov for arbeidsro, og å trekke seg tilbake frå det filosofiske miljøet i Cambrigde og frå venene han hadde der. Dette var eit trekk som gjekk att i heile livet hans og han budde i periodar på fleire ulike avsidesliggende stader, i tillegg til at han brukte familien sin landeigedom Hochreith når han var på besøk til familien i Østerrike. Det som skil huset ved Eidsvatnet frå dei

andre stadane der han arbeidde er at han her bygde sitt eige hus framfor å leige bustad, noko som viser til at han hadde tenkt å bruke mykje tid her.

Det lengste opphaldet han hadde i Skjolden var i perioden 1936-37, då han arbeidde på det verket som seinare vart utgjeve under tittelen *Filosofiske undersøkelser*. I den perioden han var her skreiv han det som vart til dei 188 første paragrafane i denne avhandlinga.

Opplevingsverdi

Huset er i dag ope for besøkande og gjev dei eit godt bilet av bu og arbeidsforholda som Wittgenstein hadde då han arbeidde med verket *Filosofiske undersøkingar*. Det gjev også eit godt bilet på hans tankar om kva som var ein ideell arbeidsstad i den tida han arbeidde med avhandlinga *Tractatus Logico-Philosophicus* og planla bygginga av huset. Tilbakeføringa av huset har blitt gjort på ein svært god måte noko som gjer at det og tomta gjev oss eit særskilt godt bilet på Wittgenstein sitt behov for ein asketisk og tilbaketrekt livsstil. Der einsemd og konsentrasjon var vesentlege element for at han skulle kunne arbeide.

Bruksverdi

Huset vert i dag vist fram til interesserte besøkande og Stiftinga Wittgenstein i Skjolden bruker det til formidling av kunnskap om Wittgenstein og Skjolden, og det arbeidet han gjorde medan han var her. Dagens bruk tek god omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i bygningen. Stiftinga Wittgenstein i Skjolden planlegg at huset skal få ein vidare bruk som til dømes arbeidsstad og opphald i samband med forsking, kunstnarleg verksemrd, samt at eigedomen kan nyttast til oppføringer i ulike kunstuttrykk. Staden har i lang tid vore ein pilegrimsstad for forskrarar og andre og dette vil eigar vidareføre, noko som vil styrke kulturminnet sin bruksverdi.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune vurderer eigedomen med huset etter Ludwig Wittgenstein i Skjolden til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse. Denne vurderinga bygger på dei kulturhistoriske verdiane som er tett knytta til personen Ludwig Wittgenstein og hans arbeid med verket *Filosofiske undersøkelser* som vart delevis skrive her under hans opphold i 1936/37. Vidare er verdiane i eigedomen knytt til Wittgenstein sitt første opphold i Skjolden vinteren 1913/14 då han arbeidde på det som seinare vart verket *Tractatus Logico-Philosophicus*. Arbeidsroa han fann i Skjolden gjorde at han bestemte seg for å bygge sitt eige hus her, og medan han var i Skjolden bestemte han seg for tomt og utforming av huset. Huset og tomta det står på kan stå som eit døme på Wittgenstein sin asketiske levemåte og hans behov for å trekke seg vekk frå det akademiske miljøet i Cambridge i periodar.

Huset slik det står i dag er i høg grad slik det var då Wittgenstein bygde og brukte det. Det er gjort få endringar, og der det er lagt til nye materialar er dette gjort i tråd med slik huset var bygd og det er synleg kva som er nytt og kva som er dei opphavlege materialane. Samla sett har huset, stien og omgjevnadane dei står i ei høg grad av autentisitet.

Det føljer av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følger videre av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne for å beskytte verknaden av kulturminnet i miljøet eller vitskaplege interesser som er knytt til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. Forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova av 9. februar 1979 § 12 nr.1.

Saksgang fram til fredingsforslaget

I samsvar med kulturminnelova § 22 nr.1 andre ledd vart varsle om igangsetting av fredingssaka sendt til Luster kommune og Stiftinga Wittgenstein i Skjolden i brev av 20. juni 2019. Samtidig vart det kungjort i avisene Sogn Avis og Bergens Tidende og på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune at det var sett i gang fredingssak.

Det vart gjeve frist til 28. august 2019 for å kome med merknadar til varsle om freding. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk inn tre merknadar til varsle om oppstart av fredingssak frå Statens Vegvesen, Per-Arvid Hauge og Stein Birger Svensøy.

Innkomne merknadar til varsle om oppstart av fredingsak

Brev av 2. juli 2019 frå States Vegvesen

Statens Vegvesen opplyser i brevet at dei ikkje har nokon merknadar til saka.

Brev av 4. juli 2019 frå Per-Arvid Hauge

I brevet viser Hauge til at Riksantikvaren i samband med markeringa av ferdigstillinga av tilbakeføringa av huset har antyda at ein skulle sjå på næringsutvikling i samband med ei eventuell freding av eigedomen. I sitt innspel set Hauge fokus på moglegheita for tilgjenge til eigedomen for personar med handicap og at ei tilrettelegging for denne gruppa vi vere ein styrke for næringsutviklinga i nærområdet. Han viser vidare til at det er behov for ein grusa/asfaltert gangveg på ca. 2,5 meter for at personar i rullestol kan ta seg fram på eiga hand, og kjem med forslag til ein turvegtrasé frå informasjonstavla ved FV55 og opp til huset. Vidare peikar han på sikkerheitsutfordringane knytt til stien frå Eidsvatnet og opp til huset og foreslår her at det vert lagt grus på denne stien og steinheller dei siste 100 meterane, i tillegg til at det vert sett opp eit stålrekkeverk.

E-post av 16. august 2019 frå Stein Birger Svensøy

I e-posten informerer Svensøy om at det innanfor området som er foreslått freda i medhald av § 19 står det eit naust som tilhører gb.nr. 18/1 Gjersegg. Bruksretten for dette er ikkje formalisert, men når dette er gjort har han planar om å restaurere naustet.

Fylkeskommunen sine kommentarar til dei innkomne merknadane til varsel om oppstart av fredingssak

Kommentarar til brev av 2. juli 2019 frå Statens vegvesen:

Vestland fylkeskommune har ingen kommentarar til dette brevet.

Kommentarar til brev av 4. juli 2019 frå Per-Arvid Hauge

Føremålet med fredinga er å bevare Ludwig Wittgenstein sitt hus, stien opp til huset og området rundt. Ei fredingssak har ikkje fokus på lokal næringsutvikling sjølv om objektet kan ha eigenskapar som gjev moglegheit for dette. Korleis eigedomen skal brukast i framtida vil vere opp til eigar og så lenge den tek omsyn til dei kulturhistoriske verdiene vedkjem det ikkje fylkeskommunen korleis den vert brukt.

Eigar er oppteken av at eigedomen skal ha ein allmennytig bruk og har tilrettelagt for dette, mellom anna ved å tilrettelegge for turstiar til eigedomen frå både informasjonstavla om Wittgenstein og frå campingplassen på Vassbakken. Dei har også gjort nødvendig vedlikehald på stien til huset inne på området som er foreslått freda. I tillegg til at dei har sikra stien med tau slik den var på den tida Wittgenstein budde i huset. Huset si plassering og den bratte og smale stien opp til det er viktige element for å kunne forstå Wittgenstein sitt val av tomt til huset og hans behov for einsemd. Fylkeskommunen har av den grunn vurdert at stien frå Eidsvatnet og opp til huset har ein eigenverdi som kulturminne og er difor foreslått freda i medhald av kulturminnelova § 15. Ei stor endring av stien si overflate og tilpassing til universell utforming vil i dette tilfellet føre til stort tap av stien sin kulturhistoriske verdi og Vestland fylkeskommune meiner i at ein i denne saka må prioritere dei kulturhistoriske verdiene framfor ynsket om universell utforming av tilkomsten til huset.

Kommentarar til e-post av 16. august 2019 frå Stein Birger Svensøy

Når det gjeld eigarskap til naustet er dette eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem fylkeskommunen. Ei eventuell istandsetjing av naustet vil ikkje vere i strid med føremålet med den føreslegne fredinga etter kulturminne lova § 19. Ei antikvarisk istandsetjing av naustet vil heller vere med på å styrke opplevinga av området slik det var på Ludwig Wittgenstein si tid.

Høyring av forslag om freding

I medhald av lov om kulturminne § 22.2 sendte Vestland fylkeskommune ut framlegg om freding til alle berørte partar den 30. april 2020. Forslag om freding vart også lagt ut til offentleg ettersyn i Vestland fylkeskommune og Luster kommune. Dette vart kunngjort i Norsk lysingsblad, Sogn Avis og Bergens Tidende. Vestland fylkeskommune sette ein frist på 6 veker frå kunngjeringsdatoen til å komme med uttale.

Innkomne merknadar til forslag om freding

Det kom inn ein merknad til forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden frå Per-Arvid Hauge. Hovudutval for kultur, idrett og integrering handsama også forslag om freding i sak PS 93/2020.

Merknad frå Per-Arvid Hauge i brev av 19. mai 2020

I merknaden viser Per-Arvid Hauge til sin innsendte merknad til varsel om oppstart av fredingssak, knytta til allmenn ferdsel i området ved Eidsvatnet. Han kjem her med innspel om utbetring av vegen frå Wittgensteintavla og vidare til huset. Her peikar han på at vegen opp frå Eidsvatnet til Wittgenstein sitt hus må bli ein trygg ferdsliveg også for vanlege folk. Han kjem med forslag om at Geirr Wetti vert engasjert til å bygge ein gangveg opp til Wittgenstein sitt hus. I tillegg foreslår han at det vert sett opp eit rekkverk på den sida som vender mot Eidsvatnet.

Vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Framlegg om freding vart lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og integrering i deira møte 4. juni 2020, PS 93/2020. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i sak PS 93/2020:

Vedtak:

1. Hovudutvalet er positive til forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden då det tek vare på dei kulturhistoriske verdiene i eigedomen på ein god måte.
2. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren følge opp høyningsframlegget og kome attende med endeleg forslag til freding når høyningsmerknadane er vurderte og Luster kommune har handsama fredingsforslaget i kommunestyret.

Fylkeskommunen sine kommentarar til innkomne merknadar til forslag om freding

Kommentar til merknad frå Per.Arvid Hauge

Den innkomne merknaden frå Per-Arvid Hauge i brev av 19. mai 2020 tek opp att dei same problemstillingane knytt til tilkomst til huset som vart reist i hans merknad til varsel om oppstart av fredingssaka. Vestland fylkeskommune hadde då følgjande kommentar til hans merknad:

«Eigar er oppteken av at eigedomen skal ha ein allmennyttig bruk og har tilrettelagt for dette, mellom anna ved å tilrettelegge for turstiar til eigedomen frå både informasjonstavla om Wittgenstein og frå campingplassen på Vassbakken. Dei har også gjort nødvendig vedlikehald på stien til huset inne på området som er foreslått freda. I tillegg til at dei har sikra stien med tau slik den var på den tida Wittgenstein budde i huset. Huset si plassering og den bratte og smale stien opp til det er viktige element for å kunne forstå Wittgenstein sitt val av tomt til huset og hans behov for einsemd. Fylkeskommunen har av den grunn vurdert at stien frå Eidsvatnet og opp til huset har ein eigenverdi som kulturminne og er difor foreslått freda i medhald av kulturminnelova § 15. Ei stor endring av stien si overflate og tilpassing til universell utforming vil i dette tilfellet føre til stort tap av stien sin kulturhistoriske verdi og Vestland fylkeskommune meiner at ein i denne saka må prioritere dei kulturhistoriske verdiene framfor ynsket om universell utforming av tilkomsten til huset.»

Vestland fylkeskommune har forståing for at det kan vere utfordrande for enkelte å kome seg opp stien til hytta og at nokon av dei besøkande kan ynske seg ein anna type sti enn det som er der i dag. Fylkeskommunen har vurdert stien opp til hytta til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse, då den fortel mykje om Ludwig Wittgenstein sitt val av tomt og utforming av omgjevnadane slik at dei støtta hans behov. Av den grunn vurderer Vestland fylkeskommune framleis at stien må bevarast i størst mogleg grad slik den er og at ein her må prioritere kulturminneverdiane framfor endring av stien. Eigar har gjort tiltak for å gjøre stien framkommeleg og sikker ved å setje opp att tau langs stien som ein kan halde seg i. Dette er eit tiltak som betrar sikkerheit til dei som går opp til huset, samstundes som det tek vare på dei kulturhistoriske verdiene i stien knytt til Wittgenstein si plassering av huset.

Kommentar til vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Etter Luster kommunestyre si handsaming av forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden har administrasjonen i Vestland fylkeskommune utarbeida eit endeleg forslag til vedtak om freding. Dette vert lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og integrering i deira møte 15. oktober 2020.

Handsaming i Luster kommunestyre

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslaget leggast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta. Vestland fylkeskommune sendte den 29. juni 2020 forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, med innkomne merknadar og fylkeskommunen sine kommentarar til merknadane til Luster kommune for handsaming i kommunestyret. Luster kommunestyre handsama forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden den 28. august 2020 i sak 43/20 der dei gjorde følgjande vedtak:

«Luster kommune sluttar seg til framlegg frå Vestland fylkeskommune om å frede Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden.»

Handsaming i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Etter at Luster kommunestyre hadde gjort vedtak i saka, vart forslag om freding handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering i deira møte 15. oktober 2020. Der det vart gjort følgjande vedtak: